

## **Forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag, Ål kommune, Viken**

Fastsett av Ål kommunestyre 11.06.2020 med heimel i lov 10. juni 1977 nr. 82 om  
motorferdsel i utmark og vassdrag §§ 4 og 5

### **§1. Føremål**

Føremålet med denne forskrifta er ut frå eit samfunnsmessig heilskapssyn å regulere  
motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremje trivsel.

### **§ 2. Verkeområde**

Forskrifta gjeld for Ål kommune. Forskrifta utfyller det regelverket som er gitt i lov 10. juni  
1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag, samt nasjonale forskrifter gjevne i  
medhald av lova.

Med *motorferdsel* meiner ein i denne forskrifta bruk av køyretøy (bil, traktor, motorsykkel,  
beltebil, snøskuter o.l.) og båt eller anna flytande eller svevande fartøy drive med motor,  
samst landing og start med motordrive luftfartøy.

Med *motorfartøy* meiner ein i denne forskrifta båt eller anna flytande eller svevande fartøy  
drive med motor

### **§ 3. Generelle reglar**

I samband med motorisert ferdsl i utmark gjeld følgjande reglar:

- a) all motorferdsel i utmark krev samtykke frå grunneigar.
- b) all motorferdsel i utmark skal skje omsynsfullt og på ein skånsam måte slik at det ikkje  
oppstår skade på person, natur eller eigedom, eller at ferdelsen er til unødig sjenanse for  
andre.

### **§ 4. Vasskuter**

Det er eit generelt forbod mot all bruk av vasskuter i Ål kommune.

### **§ 5. Bruk av motorfartøy på innsjøar større enn 2 kvadratkilometer**

På vatn i kommunen med areal større enn 2 kvadratkilometer er det lov å nytte båt med  
motor.

I øvste tredjedel av Strandafjorden (nærma Kleivi) er det ikkje lov å nytte motorfartøy.  
Bruk av motorbåt i samband med fiske er unntatt frå dette forbodet.

Maksimal motorstyrke på motorbåt i Strandafjorden er 10 hk.

### **§ 6. Bruk av motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer**

På vatn som er mindre enn 2 km<sup>2</sup>, kan det med grunneigars samtykke nyttast båt med  
motorstyrke inntil 10 hk for naudsynt transport med følgjande føremål:

- a) For turisthytter/ serveringsstader som ledd i næring.
- b) I samband med kultivering av fiskevatn.
- c) I samband med jakt på hjortevilt og garnfiske.
- d) Transport av arbeidsfolk, materiell og utstyr i samband med lovleg oppføring, tilbygg eller reparasjon av bygningar og anlegg.
- e) Til og frå hytte utan vegsamband.

### **§ 7. Forbod mot landing og start med luftfartøy**

I Ål kommune er det forbod mot landing og start med luftfartøy, med mindre noko anna følgjer av denne forskrifta. Unntatt frå dette forboden er landing og start med luftfartøy på:

- a) Rødungen (sør)
- b) Stolsvassmagasinet i Djup
- c) Strandafjorden (unnateke øvste 1/3 del, dvs. nærmast Kleivi)
- d) Flævatn/Gyrinosvatnet
- e) Vatsfjorden
- f) Bergsjøen
- g) Tingvollfjorden

All transport skal utførast av personar eller selskap med luftfart som næring.

### **§ 8. Løyve etter søknad**

I spesielle tilfelle kan kommunen etter søknad gi løyve til bruk av motorfartøy eller luftfartøy utanfor dei nemnde områda i § 7 eller dei nemnde føremåla i § 6. Det kan stillast vilkår til løyvet.

Løyve innskrenkar ikkje den tilgang grunneigar og brukar har etter gjeldande rettsreglar til å forby eller snevra inn motorferdsel på sin eigedom.

Vurdering av søknaden skal følgje reglane i lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag, § 6.

### **§ 9. Forhold til anna lovverk**

I verneområda gjeld eigne reglar om motorisert ferdsel.

### **§ 10. Straff**

Brot på denne forskrifta vert straffa etter reglar i lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag.

### **§11. Ikraftsetjing og oppheving**

Forskrifta trer i kraft så snart den er kunngjort i Norsk Lovtidend. Frå same tidspunkt vert forskrifta vedteke av Ål kommunestyre 25. august 1988, k-sak 103/88 oppheva.